

## Handsaming i Kommunestyret :

### Samr. som tilrådinga.

#### VEDTAK:

1. Sande Kommunestyre godkjenner framlegg til årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2017, bestående av drifts-, investerings- og balanserekneskap. Rekneskapen er oppgjort med eit positivt netto driftsresultat på kr 6.314.011,- og med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (rekneskapsresultat) på kr 4.493.075,-.

Det akkumulerte underskotet pr 31.12.17 vert med dette slik:

Samla akkumulert underskot frå 2014, 2015, 2016	6.002.805
Avsetning i 2017 til inndecking av akkumulert underskot jf rekneskap 2017	4.114.000
Rest akkumulert underskot pr 31.12.17	1.888.805

2. Sande Kommunestyre vedtek å disponere rekneskapsresultatet på kr 4.493.075 for 2017 slik:

Avsetning til inndecking av rest akkumulert underskot pr 31.12.17.	1.888.805
Avsetning til disposisjonsfond	2.604.270
Kontrollsum	4.493.075